

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

21.10.19

### **Gjeld dykkar referanse 19/568 – 19/12314.**

Eg har søkt om å få bygge eit reiskapshus på eigedommen min.

I eit brev frå dykk datert 28.08.2019 spør de om tilleggsopplysningar. Nedanfor skal eg freiste svare på dette.

#### 1. Spørsmålet om kva bygget skal nyttast til.

Eg driv landbruk og til det har eg driftsbygning til dyra og foret, samt eit lagerbygg der eg kan setje inn reiskap. I tillegg driv eg anna næring utanom landbruket. Dette er naudsynt av di bruket ikkje gjev nok inntekt.

Etter kvart er eg pensjonist, men eine sonen min vil heldigvis ta over bruket og halde fram med å hauste jorda. Også han driv tilleggsnæring og det er etter kvart mykje maskinar og reiskap som ikkje står under tak. Dessutan veks det opp mykje lauvskog som det vert produsert ved av. Til å lagre veden fram til han vert seld, kunne det vore fint med ein hall slik eg har søkt om. Der kan eg og stå tørt medan veden vert produsert.

Eg var ikkje klar over at dette bygget kanskje ikkje kunne sjåast som naudsynt for landbruket. Men etter mi meining må landbruket her hjå oss ha mange bein å stå på, og då vert skilje mellom kva som er landbruk og kva som ikkje er det flytande.

Eg ber om at kommunen vurderer ein gong til om ikkje ein kan sjå bygget som del av noko som landbruket treng.

Det vert sagt frå landbrukskontoret at bygget tek i bruk dyrka mark. Frå gammalt har det vore ein teig på 1,8da overflatedyrka jord på den sida av plassen mellom driftsbygningane der bygget skal stå. Etter kvart hadde denne jorda mest av alt blitt ein våt sump som det ikkje gjekk an å drenere. Eg har difor teke delar av arealet og innlemma det i alt eksisterande arbeidstun.

Med andre ord syner kartet ikkje lenger dei faktiske realitetane som er at området det er snakk om, no er planert og nytta til å setje bort reiskap som eg etter kvart ynskjer å setje i hus. Altså – dyrka mark vert ikkje teke i bruk til prosjektet,

#### 2. Dispensasjon.

Som de forstår, meiner eg tiltaket er landbruk og eg ser ikkje grunn til å søkje dispensasjon. Dersom de konkluderer med at tiltaket ikkje er landbruk, skal eg sende søknad om dispensasjon.

Dersom noko er uklart i dette brevet, ber eg om at de tek turen ut til meg, slik at de kan sjå ved sjølvsyn kva saka gjeld.

Venleg helsing

Geir Haugland.